

Til medlemmene av kontrollutvalet på Fedje

Knarvik 30.08.18

MØTE I KONTROLLUTVALET

Vara vert kalla inn etter behov.

Stad: Møterommet, Fleirbrukshallen
Tidspunkt: **Onsdag 12.09.18 kl 09.00 – 12.00**

I samråd med leiar er der sett opp følgjande saksliste:

20/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
21/18	Godkjenning av møteutskrift frå sist møte 25.06.18
22/18	Skriv og meldingar: a. Fylkesmannen i Hordaland - Oversendingsbrev datert 04.06.18 med tilsynsrapport vedkomande Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Fedje kommune - 22.03.2018
23/18	Orientering / dialog med ny rådmann
24/18	Forvaltningsprosjekt: Offentlegheit og innsyn, Fedje kommune Oppdatering av prosjektplan
25/08	Orientering - økonomisk status
26/08	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
27/18	Eventuelt

Med vennleg helsing

Erling Walderhaug (s)
Leiar kontrollutvalet Fedje

Bent Gunnar Næss
Sekretariat

Kopi: Nordhordland Revisjon IKS
Fedje kommune v/ Ordførar og rådmann

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø
e-post: post@nordhordland.net / www.nordhordland.net

Sakshandsamar: Bent Gunnar Næss / Telefon 48 12 46 23 / e-post: bent.gunnar.naess@nordhordland.net



KONTROLLUTVALET FOR FEDJE KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møtedato 25.06.2018
Stad: Fleirbrukshallen, møterommet
Kl.: 13.30 – 15.15
Tilstade: Anna Marit Storemark (nestleiar), Inger Steinsbø
og Inge Waage (vara for Erling Walderhaug)

Innkalla: Konstituert rådmann / Plan- utbyggingssjef Øyvind Tolleshaug (til sak 11/18)
Økonomisjef Bjarte Villanger (til sak 11/18)

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik, Nordhordland Revisjon IKS
Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall: Erling Walderhaug

08/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

09/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte 06.02.18

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå 06.02.18 er godkjendt.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå 06.02.18 er godkjendt.



10/18 Skriv og meldingar

a. Orientering om fristar i årsoppgjeret, Nordhordland Revisjon IKS, 19.10.2017

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

11/18 Årsrekneskapen 2017 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet

Saksvedlegg:

Årsrekneskapen og årsmelding for 2017, Fedje kommune
Revisjonsmeldingar til kommunestyret datert 15.04.2018 og 19.06.2018 og
Revisjonsrapport nr. 13, Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal til formannskapet før dette organet gjev innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner».

Behandling i møte:

Rådmann, økonomisjef og revisjonssjef møtte i saka for å orientere.

Økonomisjef Bjarte Villanger orienterte om ulike sider ved driftsrekneskapet og dei økonomiske nøkkeltala i årsmeldinga.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om revisjonen sine merknader i Revisjonsrapport nr. 13.

Økonomisjef og rådmannen orienterte om årsrekneskapet og avvika som er på tenesteområda.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2017, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.



Framlegg til vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd gjev kontrollutvalet slik uttale til kommunestyret om Fedje kommune sitt årsrekneskap for 2017:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for Fedje kommune for 2017. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmelding frå rådmannen samt to revisjonsmeldingar for 2017 og revisjonsrapport nr. 13.

Kontrollutvalet har merka seg at revisor for 2017 har gjeve ei negativ revisjonsmelding grunna fristbrot pr. 15.02. Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine råd til administrasjonen om å systematisere rutinane for årsavslutning og avstemming av rekneskapet gjennom året.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, i saman med årsmeldinga, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Fedje kommune har eit positivt netto driftsresultat i 2017 på ca. 2,2 mill. kr. mot tilsvarende 5,3 mill kr for 2016. Resultatet er om lag som budsjettert 2,1 mill kr. Tiltrådd resultatmargin for kommunane er 1,75 % medan Fedje kommune har 2,81%.

Driftsinntektene auka med 2,5 % frå fjoråret, medan driftsutgiftene auka med 6,9 %. Avvik i driftsinntekter og driftsutgifter er forklart i årsmeldinga (side 2-3).

Rekneskapsskjema 1A og 1B – driftsrekneskapen

I 2017 er det null kr i mindreforbruk – skjema 1A.

I § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding er det sett krav om at avvik på dei ulike tenesteområda skal forklarast – skjema 1B. Rekneskapsskjema 1B viser fordeling til drift. I reg. budsjett var det fordelt 58,2 mill. kr, medan det faktiske beløpet som vart fordelt var 59,5 mill. kr.

I årsmeldinga er avvika kommentert under kvart av tenesteområda. Dei største avvika er: Ansvar rådmann eit overforbruk på 1,6 mill kr, ansvar IKT og ansvar Tiltak kvar eit meirforbruk på 0,6 mill , ansvar teknisk sjef eit meirforbruk på 0,5 mill kr, ansvar Oppvekst og omsorg eit mindreforbruk på 0,4 mill kr, Ansvar rektor 0,7 mill kr i mindreforbruk, ansvar Pleie- og omsorgsleiar eit mindreforbruk på 0,4 mill kr og ansvar Sosialkontor 0,7 i mindreforbruk.

Kontrollutvalet har merka seg at Fedje kommune hadde ein vesentleg auke i registrert sjukefråvære frå 4,1 % i 2016 til 8,2 % i 2017.



Revisjonsrapport nr. 13

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillende utført etter kontrollutvalet si vurdering. Det er gjennomført interimsrevisjon i året ved kontroll av mva kompensasjonsoppgåver.

Av revisjonsrapporten går det fram at revisjonen har mellom anna gjeve uttale til:

- Det er ikkje føreteke nedskrivning av tidlegare aktivert pleie- og omsorgssenter i 2017 som tilrådd i revisjonsrapport 12/2016.
- Kommunen bør ha rutine for vurdering av tap på krav og for avstemming av balansekontoar
- Det bør innførast rutine for gjennomgang av opne postar i leverandørreskontro gjennom året
- Det må føretakast ulike avstemmingar innan lønsområdet i 2018
- I følgje årsrekneskapet er det bokført avsetning til, og bruk av disposisjonsfond utover budsjett.

Kontrollutvalet vil i løpet av 2018 følgje opp revisjonen sine kommentarar og merknader i Revisjonsrapport nr 13.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldingane til årsrekneskapen datert 15.04. og 19.06.2018 og revisjonsrapport nr. 13 datert 19.06.2018, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Fedje kommune for 2017.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek framlegget til uttale slik den føreligg

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek framlegget til uttale slik den føreligg



12/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

13/18 Eventuelt

Behandling i møte:

Revisjonssjefen orienterte om at han sluttar i si stilling i haust.

Samrøystes vedtak:

Neste møte i kontrollutvalet er 12. september 2018 kl. 09.00.

Saker til neste møte:

- Orientering - økonomisk status pr. 31.08.18
- Oppfølging av punkt i revisjonsrapport nr. 13
- Oppfølging av utsett sak 34/17 - forvaltningsprosjekt

Fedje, 25.06.2018

Anna Marit Storemark / leiar

Øivind Olsnes / sekretær



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anne Catherine Fasmer Eide, 5557 2132

Vår dato
04.06.2018
Dykkar dato

Vår referanse
2017/816 350
Dykkar referanse

Fedje kommune
Adm.bygg
5947 Fedje

Oversending rapport etter tilsyn med Fedje kommune 220318

Fylkesmannen viser til tilsynsbesøket i Fedje kommune 22.03.2018 og telefonkonferanse 31.05.2018. Vedlagt følger rapport frå tilsynet.

Innleiingsvis vil vi takk for fin mottaking på tilsynsdagen!

Fylkesmannen gjer merksam på at tilsynsmetodikken er negativ i den forstand at den berre peikar på avvik og merknader i høve til lov og forskrift, og eventuelt anna forbettringspotensiale. Rapporten peikar difor i liten grad på dei tilhøve som er tilfredsstillande.

For å tilfredsstill alle krav i lov og forskrift må kommunen i tida framover følgje opp tilhøva nemnt i rapporten. Vi ber om skriftleg tilbakemelding på korleis kommunen har tenkt å følge opp funn i tilsynsrapporten, innan 01.10.2018. Fristen er forlenga i høve normalt, grunna sommarferieavvikling.

Til slutt vil vi ønske lukke til med oppfølgingsarbeidet, og minner om at vi gjerne står til rådvelde med informasjon og rettleiing.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Anne C. Fasmer Eide
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Fylkesmannen i Hordaland

**Rapport frå tilsyn med
samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet
i Fedje kommune**

22. mars 2018

Om tilsynsobjektet		Om tilsynsførande myndigheit	
Kommunenr. og namn:	1265 Fedje	Namn:	Fylkesmannen i Hordaland
Besøksadresse:	Stormarkvegen 49 5947 Fedje	Tilsynsgruppe:	Anne C.F. Eide Alfa Sefland Winge
Postadresse:	Som over	Tilsynsleiar:	Anne C. F. Eide
Dato for tilsynet:	22.03.2018	Dato for rapport:	Endeleg rapport 04.06.2018
Kontaktperson:	Øyvind Tolleshaug	Jnr./arkivkode:	2017/816
<p>Samandrag Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn med utvalde område av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Fedje kommune 22.03.2018. I tilsynet avdekte Fylkesmannen to avvik, og har i tillegg ein merknad.</p> <p>Avvik</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fedje kommune kan ikkje dokumentere heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. 2. Fedje kommune kan ikkje dokumentere å ha øvd beredskapsplanen jf. krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt, og manglar eit system for opplæring for alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering. <p>Frist for lukking av begge avvik: 01.04.2019</p> <p>Merknad</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Fedje kommune sin beredskapsplan har nokre forbedringspunkt, og bør reviderast med utgangspunkt i ny heilskapleg ROS-analyse. 			

Innhald

1. Innleiing.....	4
2. Heimel for tilsynet.....	4
3. Tilsynet omfattar.....	4
4. Dokumentasjon.....	5
5. Deltakarar i tilsynet.....	6
6. Funn.....	6
6.1 Avvik 1 – heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid.....	6
6.2 Avvik 2 – øving og system for opplæring.....	7
6.3 Merknad 1 – beredskapsplan.....	7
7. Fristar og vidare oppfølging.....	8

1. Innleiing

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Fedje kommune 22.03.2018. Føremålet med tilsynet er å undersøke om kommunens arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med gjeldande lov- og forskriftskrav.

I forkant av tilsynet fekk Fylkesmannen tilsendt relevante dokument, og desse utgjer grunnlaget for tilsynet. Eit førebauende telefonmøte med Fedje kommune vart halde 19.02.2018 der tilsendt dokumentasjon vart kvalitetssikra og program for tilsynsdagen gjennomgått. Tilsynsdagen starta med eit opningsmøte, før ein deretter gjekk over til individuelle samtalar med utvalde personar i kommunen.

Kommunen fekk i forkant av avsluttande telefonmøte, 31.05.2018, oversendt ei oppsummering av funn frå tilsynet. I dette sluttmøtet fekk kommunen høve til å kommentere Fylkesmannens funn, og korrigere eventuelle mistydingar og uklåre omstende.

2. Heimel for tilsynet

Fylkesmannen er gjennom [instruks 19. juni 2015 nr. 703 for fylkesmannens og Sysselelmannen på Svalbards arbeid med samfunnssikkerhet, beredskap og krisehåndtering](#) pålagd å føre tilsyn med at kommunane oppfyller krav i gjeldande lov- og forskriftsverk om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet har heimel i:

- a) [lov 25. juni 2010 nr. 45 om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret](#) (sivilbeskyttelseslova) (§ 29)
- b) [forskrift 22. august 2011 nr. 894 om kommunal beredskapsplikt](#) (§ 10)

3. Tilsynet omfattar

Fylkesmannens tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i kommunar er ein kontroll av at kommunane sitt arbeid samsvarer med § 14 og § 15 i lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova), og nærare utdjupa i forskrift om kommunal beredskapsplikt. I praksis omfattar dette m.a. oppfølging av krav knytt til heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, ROS-analysar og oppfølging av uønskt risiko, utarbeiding av beredskapsplanar, system for opplæring og kompetanseheving, og øving. Det er eit eksplisitt krav til at kommunen skal kunne dokumentere skriftleg at lov og forskrift er oppfylt (jf. § 9 i forskrift om kommunal beredskapsplikt).

I tilsynsrunde fem (2016–2019) fokuserer Fylkesmannen på kommunens oppfølging av verksemdar med stort ulykkespotensiale og kommunens handtering av samfunnsviktig infrastruktur som til dømes kraftforsyning, vatn, veg og IKT. Ein viktig del i denne tilsynsrunden er kontroll med at kommunen har etablert ei kommunal kriseleiing, medrekna eit system for opplæring og kompetansebygging, øvingar og evalueringar. Vidare rettar Fylkesmannen fokus på at arbeidet vert gjort på ein heilskapleg og systematisk måte og at det inngår som ein integrert del av den daglege aktiviteten i kommunane.

Fylkesmannens funn ved tilsyn kan bestå av følgende:

- **Avvik:** brot på krav gitt i lov og/eller forskrift
- **Merknad:** tilhøve som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik, men som kommunen likevel bør følge opp

Denne tilsynsrapporten omhandlar berre dei avvik og forbetningspunkt som vart avdekte under tilsynet på dei område det vart ført tilsyn med. Tilsynsrapporten er ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunens samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, og heller ikkje ei evaluering av kommunens evne til å handtere reelle hendingar.

4. Dokumentasjon

Fedje kommune har som grunnlag lagt fram følgende skriftlege dokument:

- Utfyllt statuskartleggingskjema for Fedje kommune, 02.02.2018.
- Heilskapleg ROS-analyse, nov. 2016
- Vedtak ROS-analyse kommunestyre, 28.02.2017
- Beredskapsplan for Fedje kommune:
 - Innhald, mai 2015
 - Etablering av KKL, feb. 2015
 - Varslingsplan med rettleiar førstehjelp, jan. 2018
 - Plan for helse- og sosialberedskap, feb. 2015
 - Varslingslister, jan. 2017
 - Pårørandeliste Fedje skule, haust 2017
 - Ressursoversyn
 - Informasjonsplan, feb. 2015
- Planstrategi 2017-2020 (framlegg)
- Utdrag frå Kommuneplan 2012-2023 Samfunnsdel, 14.03.2013
- Plankart – kommuneplanens arealdel, 17.09.2012
- Rådmannens framlegg til kommunebudsjett 2017
- Rådmannens framlegg til kommunebudsjett 2018
- Beredskapsplan Fedje vassverk, 11.10.2016
- ROS-analyse Fedje vassverk, 18.10.2011
- Organisasjonskart, 15.02.2018

Dokumentasjonen som er relevant for tilsynet vart gjennomgått i forkant av tilsynet og nytta som grunnlag for samtalar i tilsynet.

5. Deltakarar i tilsynet

Tabellane under syner kven som har delteke i tilsynet frå høvesvis Fylkesmannen og kommunen.

Tabell 1 – Deltakarar frå Fylkesmannen i Hordaland

Namn	Funksjon	Førebuaende møte	Opningsmøte	Individuelle samtalar	Sluttmøte
Anne C.F. Eide	Rådgjevar	x	x	x	x
Alfa Sefland Winge	Seniorrådgjevar	x	x	x	x

Tabell 2 – Deltakarar frå Fedje kommune

Namn	Funksjon	Førebuaende møte	Opningsmøte	Individuelle samtalar	Sluttmøte
Stian Herøy	Ordførar	-	X	X	-
Ingebjørg Vamråk	Rådmann	X	X	X	-
Øyvind Tolleshaug	Teknisk sjef	X	X	X	x
Kristin Handeland	Rådgjevar administrasjon	-	X	X	x

6. Funn

Etter tilsyn med utvalde område knytt til Fedje kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, konkluderer Fylkesmannen i Hordaland med følgande funn (avvik og merknad):

6.1 Avvik 1 – heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid

Fedje kommune kan ikkje dokumentere heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

Regelverkskrav

Funnet er eit avvik i høve til § 14 i sivilbeskyttelseslova, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3 og § 9.

Utfyllande informasjon

Fedje kommune har ein ny ROS-analyse, vedteken i 2017. Den nye heilskaplege ROS-analysen gir eit godt grunnlag for eit heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, men Fylkesmannen ser ikkje at sentrale punkt frå denne analysen vert fanga opp i kommunens øvrige arbeid. Heilskapleg ROS-analyse skal ligge til grunn for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Temaet skal integrerast i all planlegging etter plan- og bygningslova, frå kommunal planstrategi via kommuneplanens samfunnsdel og arealdel til detaljplannivå.

Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet skal vere integrert i den daglege kommunale verksemda. Til dette ligg det at arbeidet skal innarbeidast i kommunen sitt «styringshjul» og omtalast i m.a. økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsrapport, jf. kapittel 8 i kommunelova. Kommunen manglar dokumentasjon på vurderingar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunen jf. § 3 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

6.2 Avvik 2 – øving og system for opplæring

Fedje kommune kan ikkje dokumentere å ha gjennomført øving av overordna beredskapsplanen etter krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt dei siste åra, og manglar eit dokumentert system for opplæring for alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering.

Regelverkskrav

Funnet er eit avvik i høve til § 15 i sivilbeskyttelseslova, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 andre ledd bokstav a), § 7 og § 9.

Utfyllande informasjon

Kommunen kan ikkje dokumentere å ha øvd beredskapsplanen på fleire år. Forskrifta stiller krav om gjennomføring av slik øving minimum anna kvart år. Kommunen informerte i tilsynet om at dei planlegg å gjennomføre ei øving i løpet av 2018.

Forskrifta stiller krav til at kommunen skal ha ei oversikt over kven som utgjer kommunen si kriseleiing, og at desse skal være orientert om og opplært i rollene sine. Kven som utgjer kriseleiinga (KKL) er lista opp i den overordna beredskapsplanen, men kommunen bør òg ta med varamedlemmer i oversikta. Kriseplanen skildrar eit samla sett med oppgåver for kriseleiinga, men det er uklart kven som skal gjere kva i situasjonar som krev krisehandtering.

Fedje kommune har ikkje definert ansvar og oppgåver dei ulike rollene i KKL inneber, og kommunen har heller ikkje utarbeidd krav til kvalifikasjonar for dei ulike rollene i kriseleiinga. Kommunen manglar eit heilskapleg system for opplæring og kompetansebygging. Dette kan til dømes løysast gjennom å utarbeide ei kompetansematrise som viser roller og ansvar, kompetansekrav og faktisk kompetanse. Denne kan vidare vere grunnlag for ein opplæringsplan.

6.3 Merknad 1 – beredskapsplan

Fedje kommunes overordna beredskapsplan har nokre forbettringspunkt, og bør reviderast med utgangspunkt i ny heilskapleg ROS-analyse.

Regelverkskrav

Merknaden er i høve til § 15 i sivilbeskyttelseslova, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 og § 8.

Utfyllande informasjon

Fedje kommunes overordna beredskapsplan bør reviderast med utgangspunkt i den nye heilskaplege ROS-analysen for kommunen, mellom anna for å sikre at nye funn som er avdekka blir følgt opp.

I beredskapsplanen blir det både vist til ordførar og rådmann som leiar av kommunen si kriseleiing. Vi tilrår alltid at kommunane følgjer likheitsprinsippet i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap når det gjeld leiing, og at rådmann er øvste leiar i kommunen også i krisesituasjonar. Vi tilrår òg at ansvar og oppgåver for dei ulike rollene i kriseleiinga blir tydeleggjort og skildra meir utfyllande jf. avvik 2.

Informasjonsplan bør reviderast med særskilt omsyn til begrepsbruk.

7. Fristar og vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om skriftleg tilbakemelding på tilsynsrapporten innan 01.10.2018. Tilbakemeldinga skal innehalde ein plan for oppfølging av avvika.

Samstundes ber vi om status på framdrifta av arbeidet per 01.01.2019.

- Begge avvik skal vere lukka innan 01.04.2019

For å lukke avvika innan oppgjevne fristar tilrår Fylkesmannen i Hordaland at Fedje kommune går snarleg i gang med arbeidet.

PROSJEKTPLAN: OFFENTLEGHEIT OG INNSYN, FEDJE KOMMUNE 2018.

Heimel

Kommuneloven § 77.4 pålegg kontrollutvalet å sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunane. Forvaltningsrevisjon inneber mellom anna systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.¹

Bakgrunn

Formålet med kommunen sitt arkiv- og journalarbeid er tosidig. For det fyrste er det nødvendig for å tilfredsstilla dokumentasjonsbehovet, og for det andre er det vesentleg for å oppretthalda demokratiske rettigheter, som f. eks å kunne utføra kontroll med verksemda.

Servicekontoret og arkivtenesta er ofte det fyrste kontaktpunktet mellom publikum og kommune. Ei velfungerande arkivteneste vil vera avgjerande for vidare kontakten mellom publikum og kommune, samt kommunen si påfølgjande sakshandsaming og tenesteyting.

Ytterlegare er innsynsretten i offentlege dokument ein hjørnestein i eit velfungerande demokrati. Offentlege prosessar skal vera opne og gjennomsiktlige ovanfor allmenta. Innsynsretten bidreg til å sikra den offentlege kontrollen, samt å oppretthalda rettstryggleiken og tilliten til den offentlege forvaltninga.

Forvaltningsloven regulerer i første rekke sakshandsaminga ved avgjersler i den offentlege forvaltninga. Formålet med lova er å sikra den enkelte innbyggjar ei trygg og grundig sakshandsaming, samt likebehandling frå det offentlege si side. Dette tilseier at lova er til for å styrka rettstryggleiken og for å verna mot uheldige og uriktige avgjersler, samtidig som den skal letta sakshandsaminga i offentlege sektor. At kommunen er ein tenesteytar skapar forventningar hos den enkelte samfunnsborgar. Dette i forhold til tida det tar å handsama henvendingar, korrektheita i svara og vedtaka som vert fatta, og praktisering av likebehandling.

Føremål

Føremålet med forvaltningsprosjektet er å undersøkje om Fedje kommune har etablert system for journal- og arkivarbeidet, og for å ivareta rett til innsyn i offentlege dokument.

Avgrensing

Revisjonsgjennomgangen er avgrensa til områda arkiv og journalarbeid, og dokumentinnsyn. Rammene for prosjektet tillet ikkje å foreta ein fullstendig gjennomgang av dei ulike områda, men ein kontroll av verksemda opp mot enkelte lovkrav og eventuelt av kommunen sine eigne vedtak og føresetnader. På grunnlag av utleia revisjonskriterier innanfor disse områda vil det være mogleg å trekka konklusjonar om kommunen si verksemd.

Problemstillinga vedrørande arkiv- og journalarbeidet er avgrensa til å sjå på om enkelte av kommunen sine rutinar og tilhøyrande praksis er i samsvar med kommunen sine vedtekne planar, samt gjeldande rett.

¹ Sjå kap. 3 i Revisjonsforskriften og kap. 5 i kontrollutvalgs forskriften for utfyllande informasjon.

Problemstillinga knytt til innsynsrett i offentlege dokument er avgrensa til å sjå på om enkelte av kommunen sine rutinar og den tilhøyrande praksis for handsaming av dokumentinnsyn, førehandsklassifisering og meiroffentlegheit er i samsvar med offentleglova.

Førebels problemstillingar²

1. Har kommunen eit hensiktsmessig system for journal- og arkivarbeid?
2. Har kommunen eit hensiktsmessig system for ivaretaking av innsynsrett i offentlege dokumenter?

Revisjonskriterium

Revisjonen følger «RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon», som er ein bransjestandard for god revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon. Omgrepet revisjonskriterium viser til dei krav og forventningar ein kan stilla til den funksjonen, aktiviteten eller prosedyren som er gjenstand for forvaltningsrevisjon, jf. RSK 001. Innafor ramma av eit kommunalt forvaltningsrevisjonsprosjekt, vil det vera føremålstenleg å avgrensa prosjektet til å sjå på eit utval av slike revisjonskriterium.

I dette prosjektet vil revisjonskriterier verta utleia med grunnlag i m.a.:

- Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova)
- Lov om behandling i forvaltningssaker (forvaltningslova)
- Forskrift om offentlege arkiv (arkivforskrifta)
- Andre aktuelle forskrifter
- Aktuelle rundskriv og veiledarar
- Arkivplan for Fedje kommune

Metode

Revisjonen vil nytta både intervju og dokumentanalyse for å svara på problemstillingane i prosjektet. Det kan og vera aktuelt med spørjeskjema og gjennomgang av brukarmapper for å innhenta informasjon.

Det vil vera aktuelt å intervjuar arkivleiaren, tilsette ved servicetorget og eventuelt einingsleiarar. Alle intervjuar vert verifiserte. Det betyr at intervjuobjektet les igjennom og godkjenner innhaldet i referatet frå intervjuet.

Førebels rapport vert sendt rådmannen for uttale, og svarbrevet vil følgja endeleg rapport.

Organisering og ansvar

Revisjonen tek initiativ til oppstartsmøte med rådmannen. Endeleg rapport vert sendt til kontrollutvalet som handsamar og avgjer om rapporten skal leggest fram for kommunestyret.

Tidsplan

Prosjektet vil starta opp på hausten 2018, og kan handsamast i kontrollutvalet i løpet av vinterhalvåret 2019.

² Problemstillingane kan bli endra om det syner seg hensiktsmessig, og det kan ha betyding for revisjonskriteria.



KONTROLLUTVALET FOR FEDJE KOMMUNE
FRAMLEGG TIL MØTEUTSKRIFT

Møtedato 12.09.2018
Stad: Fleirbrukshallen, møterommet
Kl.: 09.00 – (12.00)
Tilstade: Erling Walderhaug (leiar), Marit Storemark (nestleiar) og Inger Steinsbø (medlem)

Innkalla: Rådmann Nils Moldøen (til sak 23 - 25/18)
Økonomisjef Bjarte Villanger (til sak 25/18)

Revisjon: Revisjonssjef Reidar Bjørsvik, Nordhordland Revisjon IKS og
Tonje Husum Aarland

Sekretær: Bent Gunnar Næss

Forfall:
.....

20/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

Samrøystes vedtak:

21/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møte 25.06.18

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå 25.06.18 er godkjend

Samrøystes vedtak:



22/18 Skriv og meldingar

- a. Fylkesmannen i Hordaland - Oversendingsbrev 04.06.18 med tilsynsrapport vedkomande Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Fedje kommune - 22.03.2018

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

23/18 Orientering / dialog med ny rådmann

Bakgrunn for saka / saksopplysningar:

Nils Moldøen tok over som ny rådmann i Fedje frå 1. august 2018.

Kontrollutvalet har invitert rådmannen til møte for ei orientering og dialog omkring viktige organisatoriske oppgåver i tida framover.

Behandling i møte:

I møte vart det informert og svart på spørsmål frå kontrollutvalet om mellom anna følgjande tema:

-

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

Samrøystes vedtak:



24/18 Forvaltningsprosjekt: Offentlegheit og innsyn, Fedje kommune Oppdatering av prosjektplan

Saksvedlegg:

Nordhordland Revisjon IKS, Revidert prosjektplan - 2018

Saksopplysningar:

Kommunestyret godkjente i sak 008/17 ny plan for forvaltningsrevisjon med eit forvaltningsprosjekt innan offentleglov og innsyn, etter innstilling frå kontrollutvalet.

I møte den 30.05.17 gjorde kontrollutvalet slik samrøystes vedtak i sak 16/97:
«Kontrollutvalet vil med dette bestille prosjektskisse av forvaltningsprosjekt innan offentleglov og innsyn.»

Til møte den 12.09.17 (sak 23/17) hadde Nordhordland Revisjon IKS med bakgrunn i denne bestillinga utarbeida eit framlegg til prosjektplan for:
«Offentlegheit og innsyn, Fedje kommune 2017.»

I planen var heimel, bakgrunn og føremål for forvaltningsrevisjonen nærmare omtala og følgjande vart lagt til grunn i saka:

Revisjonsgjennomgangen er avgrensa til områda arkiv og journalarbeid, og dokumentinnsyn.

Problemstillinga vedkomande arkiv- og journalarbeidet er avgrensa til å sjå på om enkelte av kommunen sine rutinar og tilhøyrande praksis er i samsvar med eigne retningslinjer, samt gjeldande rett.

Problemstillinga knytt til innsynsrett i offentlege dokument er avgrensa til å sjå på om enkelte av kommunen sine rutinar og den tilhøyrande praksis for handsaming av dokumentinnsyn, førehandsklassifisering og meiroffentlegheit er i samsvar med offentleglova.

Revisjonen har tilrådd slik førebels problemstillingar

1. Har kommunen eit hensiktsmessig system for journal- og arkivarbeid?
2. Har kommunen eit hensiktsmessig system for ivaretaking av innsynsrett i offentlege dokument?

I prosjektet vil revisjonskriterier verta utleia med grunnlag i m.a.:

- Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova)
- Lov om behandling i forvaltningssaker (forvaltningslova)
- Forskrift om offentlege arkiv (arkivforskrifta)
- Andre aktuelle forskrifter
- Aktuelle rundskriv og veileदारar
- Arkivplan for Fedje kommune

Revisjonen vil ta initiativ til oppstartsmøte med rådmannen.

Endeleg rapport vert sendt til kontrollutvalet som handsamar og avgjer om rapporten skal leggest fram for kommunestyret.

Prosjektet var først planlagt starta opp hausten 2017 for å kunne handsamast i kontrollutvalet i løpet av vinterhalvåret 2018.



Dåverande rådmann Ingebjørg Vamråk orienterte i møte den 12.09.17 om kva organisatorsike endringar, opplæring og oppgåvefordeling som var under arbeid og rådde til at prosjektet vart utsett.

Kontrollutvalet drøfta innspelet og konsekvensar av dette og gjorde slik:

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre.

Oppstart av prosjektet vert utsett til planlagde organisatoriske endringar er sett i verk.

Revisjonen vert beden om å utarbeide ein revidert tidsplan i samsvar med dette.

Ei oppfølging av saka var sett på sakskartet til møte den 07.11.17 (sak 34/17), men vart då utsett og seinare ikkje teke opp att i vårhalvåret 2018.

Nordhordland Revisjon har no utarbeida ein revidert prosjekt- og framdriftsplan som vert lagt fram for kontrollutvalet til godkjenning.

Behandling i møte:

Revisjonen orienterer om framlegget til revidert prosjektplan og kontrollutvalet drøftar endringar som er gjort og den vidare framdriftsplan for prosjektet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner den reviderte prosjektplanen slik den føreligg.

Samrøystes vedtak:

25/18 Orientering - økonomisk status

Bakgrunn for saka / saksopplysningar:

Det er ønskjeleg at administrasjonen presenterer ein så langt mogleg oppdatert økonomisk statusrapport for kommunen og svarar på spørsmål til denne.

Behandling i møte:

Økonomisjef Bjarte Villanger og rådmann Nils Moldøen orienterer og svarar på spørsmål om saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

Samrøystes vedtak:



26/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar.

Behandling i møte:

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

27/18 Eventuelt

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Neste møte i kontrollutvalet er 07. november 2018 kl. 09.00.

Saker til neste møte:

- Oppfølging av punkt i revisjonsrapport nr. 13
- Status rekneskapsrevisjon, orientering frå revisor
- Revisor sin uavhengighet
- Orientering om organisasjonskart, delegeringsreglement og tilvisingsrettar (jmf. protokoll KU under sak 07/18)
- Orientering/dialog med ordførar og rådmann
- Kontrollutvalet sin årsplan/møteplan for 2019

Fedje 12.09. 2018

Erling Walderhaug / leiar

Bent Gunnar Næss / sekretær